

SAKSFRAMLEGG

Tysnes kommune

UNGDOMSRÅD - VEDTEKTER - RULLERING

Sakshandsamar: Steinar Dalland/Vibeke Øxnevad Stoltz

Arkivsak : 17/143 -

Arkivkode: 022

... &&& Set inn vedlegga og saksutgreiinga under &&& (Ikkje slett denne lina)

Vedlegg: Høringsnotat om råd i kommunar og fylkeskommunar for ungdom, eldre og personar med funksjonsnedsetjing – Kommunal og moderniseringsdepartementet

Framlegg til rullering av vedtekter for Tysnes ungdomsråd

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn:

Det følgjer av dagens vedtekter § 7 at vedtektene skal evaluerast minst kvar anna år og at eventuelle endringar skal godkjennast av kommunestyre.

I samband med ny kommunelov har regjeringa arbeidd med ei vurdering av ulike medverknadsordningar i kommunane. Det vert særskilt understreka at eldre, ungdom og personar med funksjonsnedsetjing er avhengig av kommunale tenester og såleis bør ivaretakast særskilt.

Eldre og personar med funksjonsnedsetjingar har per i dag ein lovfesta rett til medverknad, dette gjeld ikkje for ungdom. Når det gjeld sistnemnde gruppe har det vore opp til kommunane sjølv om dei vil oppretta særskilte medverknadsordningar og korleis dei i så tilfelle skal organiserast. Med bakgrunn i at det har vore mykje usikkerheit og store skilnader i praksis kring ungdomsmedverknad har regjeringa gjort framlegg om at kommunar som har ei eiga ordning for slik medverknad må følgja dei systema som ligg i lova. Dette er etter rådmannen sitt syn fornuftig, men vil ikkje verta fullt ut innarbeidd i denne justeringa som no vert gjort. Det vedlagde høringsnotatet kan likevel gje eit godt bakteppe for revidering av dagens vedtekter.

Drøfting av endringar:

I det underståande drøfter me kort litt kring dagens vedtekter og behovet for endringar.

Mandat, føremål og oppgåver:

Utvalet sitt mandat, føremål og oppgåver går fram av vedtektene § 1, punkt 1.1 til 1.3. Det vert ikkje føreslege omfattande endringar, men det vert gjort framlegg om ei presisering av

punkt 1.2 der kulepunkta to og tre vert samla i eitt nytt kulepunkt med ei litt tydelegare retning.

Kommunen bør truleg gjera ei vurdering saman med ungdomsrådet på spørsmål om korleis me kan gje rådet ei tydelegare rolle som høyringsinstans i relevante saker.

Organisering

Den praktiske organiseringa av rådet er skildra under vedtektene § 2, punkt 2.1 til 2.4.

Tysnes ungdomsråd har, etter vedtektene § 2, 9 medlemmer. Utnemning skjer etter eigne val på representantar, det er årlege val og representantane sit i 2 år. For å ivareta kontinuitet i rådet vert 4 representantar skifta ut etter første periode, utskifting skjer ved loddtrekning. Det er inga form for politisk stadfesting av valet.

Det er lagt opp til at det kan veljast representantar mellom 13 og 19 år, 5 av representantane skal vera frå ungdomsskulen og 4 representantar skal vera frå vidaregåande opplæring/lærlingsløp. Med dette utgangspunktet synes det å vera fornuftig at rådet har så mange som 9 representantar. I nytt framlegg ønsker ungdomsrådet at det i tillegg vert valt 2 vararepresentantar.

Rådet konstituerer seg sjølv og vel sjølv leiar og nestleiar, i framlegg til nye vedtekter vert det også teke inn at rådet kan ha ein eigen skrivar.

Det følgjer av punkt 2.4 i vedtektene at leiar, eller 2 representantar har *talerett* og *forslagsrett* i formannskap, kommunestyre og andre utval. Det er ulike prinsipielle sider ved denne føresegna som må vurderast nærare. Det er den representative styringsmodellen som utgjer kjernen i kommunen sitt politiske styringssystem. Alle valte medlemmer har tale og forslagsrett, dei ber også ansvaret for saker og val andsynes folket gjennom val kvart 4. år. Slik vedtektene er utforma i dag så kan representantar for rådgjevande organ i prinsippet setje fram framlegg og delta i ordskifte, såleis kan rådgjevande representantar tvinge fram reelle val som dei ikkje kan bera ansvaret for. Ut frå desse prinsipielle vurderingane vert det gjort framlegg om ein justering av punkt 2.4, me har då sett det i ljøs av reglement for kommunestyre § 21 som regulerer sendebod.

« Uttalerett

- Ungdomsrådet har rett til å gje skriftleg uttale i alle saker som fell under rådet sitt mandat, føremål og oppgåver.
- Ungdomsrådet kan gjennom å varsle ordføraren, eller utvalsleiar, seinast ein dag før det aktuelle møte verta gjeve rett til å framføra uttale føre kommunestyre eller utval.
- Ordførar, rådmann og kontaktperson har møte, tale og forslagsrett i ungdomsrådet.»

§ 6 regulerer oppnemning av kontaktperson/sekretær for ungdomsrådet og vert peika ut av frå administrasjonen. Etter ålmenne prinsipp bør dette då leggjast til rådmannen og ikkje til kommunestyre.

På møte i Tysnes ungdområdet 17. 02.17 var representantane samde i alle framlegg til vedtekter som var lagt fram frå administrasjonen. I tillegg kom ungdområdet med følgjande framlegg til § 2 punkt 2.2 : 2 vararepresentantar bør veljast i tillegg til dei 9 representantane.

Gjennom sitt høyringsnotat om råd i kommunar peiker Kommunal og moderniseringsdepartementet på at dersom Ungdområdet vert oppretta gjennom kommunelova så vert det per definisjon eit folkevalt organ, dette inneber også at saksføreaving, val med vidare må skje i samsvar med kommunelova sine reglar. Dette vil krevja ei større revidering av vedtektene og me vurderer at dette er noko som må vurderast når det eventuelt vert aktuelt.

Endringar i vedtektene er markert med kursiv skrift for tilføyingar og overstreking for det som er teke ut.

... &&& Set inn saksutgreiinga over &&& (Ikkje slett denne lina)

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

::: &&& Set inn innstillinga under &&& (Ikkje slett denne lina)

Vedtekter for Tysnes ungdomsråd vert rullert i samsvar med framlegg.

::: &&& Set inn innstillinga over &&& (Ikkje slett denne lina)